

## Oppdater info i biblioteket - tekstforslag

### Forslag 1. Om Tibi

*Til bruk på nettsider, intranett eller andre relevante stader. Tilpass etter behov!*

#### Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi (tidlegare NLB) er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.

#### Stort og variert utval

Tibi har bøker for barn, ungdom og vaksne. Vel blant tusenvis av titlar i alle sjangrar. Studentar kan låna tilrettelagd studielitteratur.

#### Enkel tilgang på nett og mobil

Finn og lån bøker på nettsida eller i Tibi-appen. Der får du oversikt over nye bøker og kan finna nyheiter og boktips. Du kan også få tilsendt lydbøker på CD, og få hjelp på telefon viss du vil det.

#### Kven kan låna?

Alle som har utfordringar med å lesa, kan melda seg inn. Nedsett syn, dysleksi, ADHD, kognitive utfordringar eller funksjonsnedsetjingar som gjer det vanskeleg å halda og bla i ei bok, kan vera det som gir lesevanskar og lånerett.

Meld deg inn på [tibi.no](http://tibi.no). Du stadfestar sjølv at du har lånerett.

#### Kontakt

[www.tibi.no](http://www.tibi.no)

E-post: [utlaan-tibi@nb.no](mailto:utlaan-tibi@nb.no)

Telefon: 22 06 88 10 (kvardagar kl. 10-14)

### Forslag 2. Kortare om Tibi

#### Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tibi er ei teneste frå Nasjonalbiblioteket som lagar og låner ut tilrettelagd litteratur. Alle som strevar med å lesa visuell tekst, kan låna lydbøker, e-bøker og punktskriftbøker hos Tibi.

Tibi har bøker i alle sjangrar for barn, ungdom og vaksne. Lån digitalt og lytt med mobil og nettbrett, eller få CD tilsendt i posten.

Du finn meir informasjon på [tibi.no](http://tibi.no) (lenke)

### Forslag 3. Veldig kort

*Til dømes til bruk på skjermar i biblioteket, saman med bilete.*

Alternativ 1:

### Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

Tusenvis av lydbøker til alle som strevar med å lesa

[www.tibi.no](http://www.tibi.no)

Alternativ 2:

### Tusenvis av lydbøker!

Tibi – Biblioteket for tilrettelagd litteratur

[www.tibi.no](http://www.tibi.no)